

Sak 8-24 Val

Valnemnda si innstilling til nytt styre i Jordvern Norge

Valnemnda har i sitt arbeid bla. teke omsyn til følgjande: Finna gode kandidatar til noverande og framtidig leiande verv, sikre at styre har medlemmer med ulik, men relevant fagleg kompetanse og organisasjonsbakgrunn , sikre at både landbruk og naturinteresser vert ivaretekne i styret, rekruttere styremedlemmer med god geografisk bredde, ei sunn og god kjønnsfordeling i styret m.m.

Valnemnda har følgjande innstilling:

Øyvind Kjølberg, Akershus, leiar, på val for 1 år

Hildegunn Marie Tønnessen Seip, Agder, ny- på val for 2 år

Åse Helene Monsø, ikkje på val

Olav Martin Synnes, ny- på val for 2 år

Norges Bondelag har oppnemnd Trond Bjørkås som sin representant.

1.vara Ann Norderhaug, Vestfold, attval for 1 nytt år

2.vara Øystein Haugerud, Buskerud, attval for nytt 1 år

Revisorar:

Arne Nøklund, attval for 1 nytt år

Borgar Kaasa, Telemark ny-på val for 1 år

Til info:

Valnemnda føreslår **Øyvind Kjølberg som ny leiar**

Frøydis Haugen, ynskjer ikkje attval.

Hildegunn Marie Tønnessen Seip, Agder: førsteamanuensis i psykologi og interkulturelle studiar ved Ansgar høgskule i Kristiansand, medie- og journalist bakgrunn, 1 vara til styret i Jordvern Agder, sit i formannskapet for MDG i Kristiansand og er leiar i programkomiteen i MDG sentral.

Olav Martin Synnes, Møre og Romsdal. Varamedlem til styret i Jordvern Møre og Romsdal, lang fartstid som rådgjevar i Norsk Landbruksrådgjeving med stor jordfagleg kompetanse. Medforfattar av boka; «Jordmassar- frå problem til ressurs». Pensjonist.

Valnemnda ynskjer å gje **Olaf Gjedrem ei STOR ros** for leiaroppgåva sidan stiftinga av Jordvern Norge. Olaf Gjedrem og Øyvind Kjølberg har vore leiar og nestleiar sidan starten og staka ut kursen for Jordvern Norge, samt drive mykje påverknadsarbeid og eit stort stykke nybrottsarbeid. Dei har saman med resten av styret fått skuta på ein god kurs. No ynskjer valnemnda at ein kan lære opp nye krefter i dette viktige

arbeidet, og er glade for at Øyvind Kjølberg ynskjer å stilla til val som ny leiar. Valnemnda vonar styret no har gode kandidatar også til nestleiarverv, og engasjerte styremedlemmer. Dette er teamarbeid!

Med venleg helsing Valnemnda

Kari Sunnset, Sigbjørn Fjærvoll og Ståle Sakseide (leiar)